

ÅRSMØTE 2022 - Protokoll

Stad: Steinstø fruktgard

Tid: Torsdag 31. mars 2022 kl. 19:00

Frammøtte: 9 medlemmer, 2 frå styret og dagleg leiar.

Før årsmøtet var det felles middag på Steinstø fruktgard.

Årsmøtesaker.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 2 Val av personar til å leia årsmøtet, referera og å skriva under møtebok.

Vedtak: Tone Sjøgaard leiar møtet, Hans Jørgen Andersen er referent og møtebok skal signera av Vidar Østerbø og Odd Øystese.

Sak 3 Årsmelding 2021

Årsmeldinga vart gjennomgått av styreleiar og dagleg leiar.

Vedtak: godkjent

Sak 4 Rekneskap 2021

Rekneskapa vart gjennomgått av dagleg leiar.

Vedtak: godkjent

Sak 5 Medlemspengar for 2022

Styret innstilte til uendra satser frå 2021 for 2022.

Vedtak: som styret si innstilling.

Sak 6 Rettleiande budsjett og handlingsplan for 2022

Dagleg leiar gjekk gjennom rettleiande budsjett.

Vedtak: godkjent

Sak 7 Val – styre, revisor og valnemnd.

Valnemnda si innstilling:

Styreleiar Tone Sjøgaard	(attval)	(for 1 år)
Nestleiar Runar Botnen	(attval)	(for 1 år)
Bjørn B. Pedersen	(attval)	(for 2 år)
Erlend Haugarvoll	IKKJE PÅ VAL	
Connie Langeland	IKKJE PÅ VAL	
Lars Kristian Bu (1.vara)	(attval)	(for 1 år)
Ingunn Bjørke (2.vara)	(attval)	(for 1 år)


Revisor:
John Magnar Neteland (attval)

Valnemd:
Jahn Brattli Tolo og Even Øyri (attval)

Vedtak: som valnemda si innstilling ved akklamasjon.

Alle vedtak var samrøystes.

Etter at årsmøtet var heva, vart utmerkinga som Årets verksemd i Kvam 2021 tildelt Hardingsmolt AS. Dagleg leiar Jakob Drivenes tok i mot utmerkinga som var eit diplom og eit grafisk arbeid av Jarle Rosseland. Ein takk til Sparebanken Vest som var sponsor for markeringa.



Signature of Vidar Østerbø: *Vidar Østerbø*
Signature of Odd Øystese: *Odd Øystese*